



## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
48/16	Formannskapet	21.09.2016
108/16	Kommunestyret	29.09.2016

### Førebuaende fellesnemnd - oppfølging av vedtak om å etablere ein ny kommune frå 01.01.20

#### Samandrag av saka:

Denne saka er ei oppfølging av kommunestyrevedtak i møte 20.06.16, der Fjell, Sund og Øygarden gjorde likelydande vedtak om å søkja om å få etablere ein ny felles kommune med iverksetjingsdato 01.01.2020. Til grunn for den nye kommunen ligg intensjonsavtalen mellom dei tre kommunane.

Etter at Stortinget våren 2017 har gjort vedtak om samanslåing, skal Fylkesmannen kalla inn til felles kommunestyremøte der det mellom anna skal opprettast ei Fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova §25 a-e og §26.

I denne saka vert det teke til ordet for å etablere ei «førebuaende fellesnemnd» som startar arbeidet med å førebu samanslåing og koordinerer samarbeidet mellom kommunane fram til formell Fellesnemnd er oppnemnd.

#### Innstilling:

1. Kommunestyret vedtek å etablere ei «Førebuaende fellesnemnd» som skal starta arbeidet med å førebu samanslåing og koordinere samarbeidet mellom kommunane fram til den formelle Fellesnemnda er oppnemnd i samsvar med Inndelingslova.
2. «Førebuaende fellesnemnd» vert vald av kommunestyret sine representantar i dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden og får slik samansetjing:  
Frå Fjell kommune: 8 representantar + 8 personlege varamedlemar  
Frå Sund kommune: 5 representantar + 5 personlege varamedlemar  
Frå Øygarden kommune: 4 representantar + 4 personlege varamedlemar  
Frå Fjell kommune vert vald:  
Medlem: ..... Varamedlem: .....  
Medlem: ..... Varamedlem: .....  
Medlem: ..... Varamedlem: .....  
Medlem: ..... Varamedlem: .....  
Medlem: ..... Varamedlem: .....

Medlem: ..... Varamedlem: .....  
Medlem: ..... Varamedlem: .....  
Medlem: ..... Varamedlem: .....

3. Førebuande fellesnemnd vert supplert med tre representantar vald av organisasjonane/vernetenesta i dei tre kommunane som får observasjonsstatus med tale- og forslagsrett. Organisasjonane/vernetenesta må samarbeida om sjølv å peika ut sine representantar til nemnda.
4. Intensjonsavtalen ligg til grunn for «Førebuande fellesnemnd» sitt mandat. «Førebuande fellesnemnd» har ingen fullmakter, men kommunestyret gjev nemnda mandat til å starta opp følgjande arbeid:
  - Starta arbeid med krav og prosess for tilsetjing av prosjektleiar
  - Kartleggja kva IKT-system som finnes i den enkelte kommune
  - Kartleggja selskapsstruktur i den enkelte kommune
  - Kartleggja dei ulike pensjonsordningane i den enkelte kommune
  - Kartleggja personalreglement og løns- og arbeidsvilkår for tilsette i den enkelte kommune
  - Planleggja og gjennomføra eit framtidseminar tidleg i 2017
  - Leggja til rette for studietur våren 2017 for å henta erfaring frå kommunar som allereie har vore gjennom den prosessen Fjell, Sund og Øygarden skal starta
  - Sikra at tillitsvalde og vernetenesta medverkar i prosessen ved å supplera førebuande fellesnemnd med 3 tillitsvalde frå dei tre kommunane som får observasjonsstatus med tale- og forslagsrett og som tillitsvalde sjølv peikar ut.
  - Utarbeida ein kommunikasjonsplan og sørgje for fortløpande informasjon til tilsette og innbyggjarar
  - Leggja til rette for felles kommunestyremøte for dei tre kommunestyra i forkant av oppretting av den formelle fellesnemnda våren 2017. Aktuelt tema er status og drøfting av «førebuande fellesnemnd» sitt arbeid så langt.
  - «Førebuande fellesnemnd» fungerer til formell fellesnemnd etter inndelingslova §25 og §26 er oppnemnd.

Straume, den 22.08.2016

Steinar Nesse  
Rådmann

Lillian Torsvik  
servicetorgsjef

### **Handsama i Formannskapet - 21.09.2016:**

Saka vart drøfta. Forslag til namn på medlemmer vil bli lagt fram i kommunestyremøtet.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.09.2016:**

1. Kommunestyret vedtek å etablere ei «Førebuande fellesnemnd» som skal starta arbeidet med å førebu samanslåing og koordinere samarbeidet mellom kommunane fram til den formelle Fellesnemnda er oppnemnd i samsvar med Inndelingslova.
2. «Førebuande fellesnemnd» vert vald av kommunestyret sine representantar i dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden og får slik samansetjing:  
Frå Fjell kommune: 8 representantar + 8 personlege varamedlemar

Frå Sund kommune: 5 representantar + 5 personlege varamedlemar  
Frå Øygarden kommune: 4 representantar + 4 personlege varamedlemar  
Frå Fjell kommune vert vald:

Medlem: .....	Varamedlem: .....
Medlem: .....	Varamedlem: .....
Medlem: .....	Varamedlem: .....
Medlem: .....	Varamedlem: .....
Medlem: .....	Varamedlem: .....
Medlem: .....	Varamedlem: .....
Medlem: .....	Varamedlem: .....
Medlem: .....	Varamedlem: .....

3. Førebuande fellesnemnd vert supplert med tre representantar vald av organisasjonane/vernetenesta i dei tre kommunane som får observasjonsstatus med tale- og forslagsrett. Organisasjonane/vernetenesta må samarbeida om sjølv å peika ut sine representantar til nemnda.
4. Intenjonavtalen ligg til grunn for «Førebuande fellesnemnd» sitt mandat. «Førebuande fellesnemnd» har ingen fullmakter, men kommunestyret gjev nemnda mandat til å starta opp følgjande arbeid:
  - Starta arbeid med krav og prosess for tilsetjing av prosjektleiar
  - Kartleggja kva IKT-system som finnes i den enkelte kommune
  - Kartleggja selskapsstruktur i den enkelte kommune
  - Kartleggja dei ulike pensjonsordningane i den enkelte kommune
  - Kartleggja personalreglement og løns- og arbeidsvilkår for tilsette i den enkelte kommune
  - Planleggja og gjennomføra eit framtidseminar tidleg i 2017
  - Leggja til rette for studietur våren 2017 for å henta erfaring frå kommunar som allereie har vore gjennom den prosessen Fjell, Sund og Øygarden skal starta
  - Sikra at tillitsvalde og vernetenesta medverkar i prosessen ved å supplera førebuaende fellesnemnd med 3 tillitsvalde frå dei tre kommunane som får observasjonsstatus med tale- og forslagsrett og som tillitsvalde sjølv peikar ut.
  - Utarbeida ein kommunikasjonsplan og sørgje for fortløpande informasjon til tilsette og innbyggjarar
  - Leggja til rette for felles kommunestyremøte for dei tre kommunestyra i forkant av oppretting av den formelle fellesnemnda våren 2017. Aktuelt tema er status og drøfting av «førebuande fellesnemnd» sitt arbeid så langt.
  - «Førebuande fellesnemnd» fungerer til formell fellesnemnd etter inndelingslova §25 og §26 er oppnemnd.

### **Handsama i Kommunestyret - 29.09.2016:**

Framlegg frå V, MDG, SP og SV v/Olav Kobbeltveit:

Fleirtalskoalisjonen gir frå seg eit medlem og eit varamedlem og set i staden inn følgjande:

Medlem: Johannes Kobbeltvedt Senterpartiet (SP)

Vara: Britt Eliassen (V)

Møtet vart heva for eit gruppemøte for å drøfta framlegg til medlemmer i fellesnemnda. Etter gruppemøtet la Egil Haaland, på vegner av AP, H, KrF, SL og FrP fram følgjande forslag til medlemmer og varamedlemmer til førebels fellesnemnd:

Frå Fjell kommune vert vald:

Medlem: Marianne Sandahl Bjorøy      varamedlem: Eva Vik

Medlem: Egil Haaland	varamedlem: Knut Thore Algrøy
Medlem: Hilde Lohmann Sandal	varamedlem: Odd Valvatne
Medlem: Tom Georg Indrevik	varamedlem: Helena Morland Hansen
Medlem: Ernst Einarsen	varamedlem: Karsten Sprenger
Medlem: Anita Garlid Johannessen	varamedlem: Daniel Victor Sandvik
Medlem: Svein Bergh	varamedlem: Elna Nybakk
Medlem: Odd Bjarne Skogestad	varamedlem: Kristin Brennhaug

Det vart votert som følger:

Punkt 1 i tilråding frå formannskapet vart **samrøystes** vedteke.

Punkt 2:

Framlegget frå Olav Kobbeltveit fekk 5 røyster og fall. (mindretal V, SP, MDG og SV)

Framlegget frå Egil Haaland vart **vedteke med 30** mot **5 røyster**

Punkta 3 og 4 i tilrådinga frå formannskapet vart **samrøystes** vedtekne.

Desse hadde ordet i saka:

Marianne Sandahl BJORØY og Olav Kobbeltveit

### **Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016:**

1. Kommunestyret vedtek å etablere ei «Førebuande fellesnemnd» som skal starta arbeidet med å førebu samanslåing og koordinere samarbeidet mellom kommunane fram til den formelle Fellesnemnda er oppnemnd i samsvar med Inndelingslova.
2. «Førebuande fellesnemnd» vert vald av kommunestyret sine representantar i dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden og får slik samansetjing:
  - Frå Fjell kommune: 8 representantar + 8 personlege varamedlemar
  - Frå Sund kommune: 5 representantar + 5 personlege varamedlemar
  - Frå Øygarden kommune: 4 representantar + 4 personlege varamedlemar

Frå Fjell kommune vert vald:

Medlem: Marianne Sandahl BJORØY	varamedlem: Eva Vik
Medlem: Egil Haaland	varamedlem: Knut Thore Algrøy
Medlem: Hilde Lohmann Sandal	varamedlem: Odd Valvatne
Medlem: Tom Georg Indrevik	varamedlem: Helena Morland Hansen
Medlem: Ernst Einarsen	varamedlem: Karsten Sprenger
Medlem: Anita Garlid Johannessen	varamedlem: Daniel Victor Sandvik
Medlem: Svein Bergh	varamedlem: Elna Nybakk
Medlem: Odd Bjarne Skogestad	varamedlem: Kristin Brennhaug

3. Førebuande fellesnemnd vert supplert med tre representantar vald av organisasjonane/vernetenesta i dei tre kommunane som får observasjonsstatus med tale- og forslagsrett. Organisasjonane/vernetenesta må samarbeida om sjølv å peika ut sine representantar til nemnda.
4. Intensjonsavtalen ligg til grunn for «Førebuande fellesnemnd» sitt mandat. «Førebuande fellesnemnd» har ingen fullmakter, men kommunestyret gjev nemnda mandat til å starta opp følgjande arbeid:
  - Starta arbeid med krav og prosess for tilsetjing av prosjektleiar
  - Kartleggja kva IKT-system som finnes i den enkelte kommune
  - Kartleggja selskapsstruktur i den enkelte kommune
  - Kartleggja dei ulike pensjonsordningane i den enkelte kommune
  - Kartleggja personalreglement og løns- og arbeidsvilkår for tilsette i den enkelte kommune
  - Planleggja og gjennomføra eit framtidseminar tidleg i 2017

- Leggja til rette for studietur våren 2017 for å henta erfaring frå kommunar som allereie har vore gjennom den prosessen Fjell, Sund og Øygarden skal starta
- Sikra at tillitsvalde og vernetenesta medverkar i prosessen ved å supplera førebuaende fellesnemnd med 3 tillitsvalde frå dei tre kommunane som får observasjonsstatus med tale- og forslagsrett og som tillitsvalde sjølv peikar ut.
- Utarbeida ein kommunikasjonsplan og sørgje for fortløpande informasjon til tilsette og innbyggjarar
- Leggja til rette for felles kommunestyremøte for dei tre kommunestyra i forkant av oppretting av den formelle fellesnemnda våren 2017. Aktuelt tema er status og drøfting av «førebuaende fellesnemnd» sitt arbeid så langt.
- «Førebuaende fellesnemnd» fungerer til formell fellesnemnd etter inndelingslova §25 og §26 er oppnemnd.

### Dokument vedlagt saka:

- Vedteken intensjonsavtale

### Saksopplysningar:

#### Vedtak om samanslåing

Vi viser til kommunestyrevedtak 20.06.16 der kommunane Fjell, Øygarden og Sund gjorde slike likelydande vedtak:

1. *Kommunestyret vedtek at kommunane Fjell, Øygarden og Sund søker om å få etablere ein ny felles kommune med iverksetjingsdato 01.01.2020. Den nye kommunen vil ha eit folketal på om lag 40.000 innbyggjarar på iverksetjingstidspunktet.*
2. *Underskriven intensjonsavtale for «nye Øygarden kommune», datert 07.03.16, skal leggjast til grunn for den nye kommunen.*
3. *Kommunestyret ber felles forhandlingsutval halda fram den gode dialogen og leggja til rette for at ein raskt kan ta viktige avgjerder etter stortingsbehandlninga.*

#### Fellesnemnd

Etter at Stortinget har gjort vedtak om kommunesamanslåing før sommaren 2017, skal Fylkesmannen kalla inn til eit felles kommunestyremøte. Kommunane skal i felles kommunestyremøte drøfta punkta i inndelingslova §25 a-e, i tillegg til eventuelle andre viktige tilhøve for kommunane. I fellesmøtet skal følgjande saker drøftast:

- a) Forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket
- b) Talet på medlemmar i det nye kommunestyret eller fylkestinget
- c) Kriterim for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter §26 i denne lova
- d) Val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e) Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikra gjennomføring av samanslåing

Ved samanslåing frå 1. januar 2020 gjennomfører kommunane ordinært kommunestyreval til den nye kommunen hausten 2019.

### «Førebuande fellesnemnd»

Fellesnemnd kan ikkje opprettast formelt før etter at Stortinget har gjort vedtak om kommunesamanslåing og Fylkesmannen har kalla inn til felles kommunestyremøte. Det er difor behov for å oppretta eit felles politisk utval som kan setja i gong arbeid knytt til etablering av ein ny felles kommune, som til dømes kartleggings- og utgreiingsoppgåver. Det er eit stort og omfattande arbeid som må gjerast ved etablering av ein ny kommune, både i forhold til eksisterande kommunar og i forhold til etablering av den nye kommunen.

I felles forhandlingsutval som forhandla fram Intensjonsavtalen var det fire representantar frå Fjell, fire representantar frå Sund og fem representantar frå Øygarden. Dette er ei noko uheldig fordeling i forhold til dei tre kommunane. Å etablere eit nytt utval i tråd med intensjonsavtalen si samansetjing av fellesnemnd vil difor vera ei betre løysing når det gjeld å halda fram den gode dialogen og leggja til rette for at ein raskt kan ta viktige avgjerder etter stortingsbehandlninga. For å sikra kontinuitet og framdrift, vil det vera tenleg å oppretta ei «førebuande fellesnemnd» med politiske representantar som og kan veljast som representantar til den formelle fellesnemnda. «Førebuande Fellesnemnd» skal på same måte som den formelle fellesnemnda veljast av og blant medlemmene i kommunestyret, jfr. Inndelingslova §26 om val av medlemmar til fellesnemnd.

«Førebuande fellesnemnd» vil ikkje få formelle fullmakter til å ta avgjerd, men kommunestyra kan gje nemnda mandat til å førebu samanslåing og koordinera samarbeidet mellom kommunane fram til fellesnemnda formelt vert oppretta etter stortingsbehandlninga.

Etter at fylkesmannen har gjennomført felles kommunestyremøte og departementet har laga resolusjon for samanslåinga, vil kommunestyra i Fjell, Øygarden og Sund få ei ny sak om oppnemning av Fellesnemnd. Saka vil mellom anna omhandla klare mandat og fullmakter til fellesnemnda.

### Samansetjing

«Førebuande fellesnemnd» er tenkt samansett på same måte som fellesnemnda, i samsvar med Intensjonsavtalen, kap. 13 – Veggen vidare. Nemnda skal ha 17 medlemmer med fire medlemmer frå Øygarden, fem frå Sund og åtte frå Fjell. Det skal også veljast varamedlemmer. Medlemmene skal veljast av og blant medlemmene i kommunestyra.

Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar i første møte.

### Mandat

Intensjonsavtalen ligg til grunn for «førebuande fellesnemnd» sitt mandat.

Dei viktigaste oppgåvene å starta med er kartlegging av IKT-system, pensjonsordningar, selskapsstruktur og reglement, i tillegg til krav og prosess for tilsetjing av prosjektleiar.

«Førebuande fellesnemnd» har ikkje avgjerdsmynde, men kommunestyret ber nemnda setja i gong prosesser innanfor følgjande oppgåver:

- Starta arbeid med krav og prosess for tilsetjing av prosjektleiar
- Kartleggja kva IKT-system som finnes i den enkelte kommune
- Kartleggja selskapsstruktur i den enkelte kommune
- Kartleggja dei ulike pensjonsordningane i den enkelte kommune
- Kartleggja personalreglement og løns- og arbeidsvilkår for tilsette i den enkelte kommune

- Planleggja og gjennomføra eit framtidseminar tidleg i 2017
- Leggja til rette for studietur våren 2017 for å henta erfaring frå kommunar som allereie har vore gjennom den prosessen Fjell, Sund og Øygarden skal starta
- Sikra at tillitsvalde og vernetenesta medverkar i prosessen ved å supplera førebuande fellesnemnd med 3 tillitsvalde frå dei tre kommunane som får observasjonsstatus med tale- og forslagsrett og som tillitsvalde sjølv peikar ut.
- Utarbeida ein kommunikasjonsplan og sørgje for fortløpande informasjon til tilsette og innbyggjarar
- Leggja til rette for felles kommunestyremøte for dei tre kommunestyra i forkant av oppretting av den formelle fellesnemnda våren 2017. Aktuelt tema er status og drøfting av «førebuande fellesnemnd» sitt arbeid så langt.

### Tillitsvalde og vernetenesta

Det er viktig å sikra medverknad frå tilsette i prosessen med etablering av ein ny kommune, dette er og regulert i kommunane sitt avtaleverk.

I Intensjonsavtalen kap. 13 – Veggen vidare, står det at det skal opprettast eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet skal vera samansett av medlemmar frå fellesnemnda og to representantar frå kvar kommune, desse er utpeika av organisasjonane til dei tilsette. Partssamansett utval vil først verta oppretta når den formelle fellesnemnda er oppretta.

Ein måte å sikra medverknad frå tilsette allereie i «Førebuande fellesnemnd», er å supplera nemnda med 3 tillitsvalde (organisasjonar/vernetenesta) frå dei tre kommunane som får observasjonsstatus med tale- og forslagsrett.

### Sekretariat

Etter avtale mellom ordførarar og rådmenn i dei tre kommunane, har servicetorgsjefen i Fjell kommune fått i oppgåve å vera sekretær for «Førebuande fellesnemnd». I tillegg kan rådmenna i dei tre kommunane delta i nemnda sine møte.

### Informasjon og kommunikasjon

Internettsida [www.vaarnyekommune.no](http://www.vaarnyekommune.no) og facebookside som vart oppretta i samband med felles forhandlingsutval sitt arbeid med kommunestruktur, vert vidareført. Etter avtale mellom ordførarar og rådmenn i dei tre kommunane har informasjonsrådgjevar i Fjell kommune fått i oppgåve å sørgje for informasjon og kommunikasjon når det gjeld «Førebuande fellesnemnd» sitt arbeid.

### Økonomi

Fjell kommune rekneskapsfører alle utgifter i samband med «Førebuande fellesnemnd» sitt arbeid på eigen kostnadsstad. Samla utgifter vert ført mot kommunen sin balanse og dekka inn når kommunane får utbetalt støtte til eingongskostnader etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing våren 2017.

### Møteplan

«Førebuande fellesnemnd» set sjølv opp møteplan for nemnda i første møte.

### **Første møte vert i kultursalen Fjell rådhus, måndag 9. november kl. 11.00 – 15.00.**

Rådmenna i dei tre kommunane, saman med sekretær og informasjonsrådgjevar, deltek på møtet.

**Vurdering:**

Samstundes med prosessen for å etablere ein ny felles kommune, skal dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden drivast vidare som sjølvstendige kommunar fram til 01.01.2020.

Det er ei rekkje oppgåver som må kartleggjast og utgreiast i prosessen med etablering av ein ny felles kommune frå 01.01.2020. Det er difor viktig at ein politisk allereie no gjev rammer for det arbeidet som vedkjem kommunesamanslåing og som bør startast opp i dei tre aktuelle kommunane før den formelle fellesnemnda er oppnemnd.

Ordførarar og rådmenn i dei tre kommunane er samde om at det bør leggjast fram ei felles sak for kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden om oppretting av ei «Førebunde Fellesnemnd». Nemnda bør få mandat frå kommunestyra og skal arbeide fram til Stortinget har vedtatt kommunestrukturen og til fylkesmannen har kalla inn til formelt møte om oppretting av Fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova.